

# Kampen om den nazistiske historia

«He is dead but he won't lie down» song Otto Nielsen i si tid om Hitler. Han skulle få meir rett enn han trudde.

I dag går det på visse historikarhald føre seg rehabilerings av nazismen, kjende namn her er «historikaren» og nazikativisten David Irving og tyskaner Nolte, begge personar har vår eigen Hans Fredrik Dahl uttrykt sin store vordnad for. Fordi historieløysa stort sett rår, og fordi dei brune og mørkeblå er på frammarsj i Europa, trengst alt av reell historisk motargumentasjon. Nokre illustrasjonar i så måte:

**Naziforkjemparane** freistar i dag å bortforklare og fornekte til dømes jødeutryddinga. Dei ser i utlyggeleg grad ut til å lykka seg med det. I byrjinga av krigen hadde ein på høgst nazihald planar om å konsentrere den jødiske folkesetnaden i Europa i arbeidskoloniar for tyske gudseigarar i Aust-Europa etter kvart som landarealet der blei erobra. I 1941 blei desse planane radikalt endra då Himmler informerte Rudolf Hess, leirkommandant i Auschwitz, at «Der Führer» hadde gitt ordre til den endelege løysinga av jødespørsmålet. Via velkjent tysk preussarlydigheit og embetsmessig effektivitet starta maskinmessige massemyrderi. Neste steg i maktpyramiden var Hermann Göring, som formidla Hitlers ordre til Reinhard Heydrich, allmeint på sitt nivå i statsapparatet som hadde med planlegging å gjere. På typisk tysk vis blei folkemordet utforma i byråkratiske statusjargong som eit kva for helst statleg problem. «Die Endlösung der Judenfrage» blei formelt avgjort av høgtstående militært og akademisk utdanna preussaroffiserar på Wannsee-konferansen sommaren 1941. Her

**YTRING**

drøfta ein til dømes røynsleane frå ferske masseutryddingar av jødar i Riga, planla transportrutene til utslettingsleirane, røynsle med bruk av giftgass slik tyskanane alt hadde brukt han på sine egne «mindreværdige» innbuarar, som kjent var det Zyklon B ein fann mest effektiv.

Ei like farleg tolking av nazibestialiteten som freistnadene til ein del nazipologetar på å bortforklare han, er den feilaktige og inngrodde forestellinga om at nazistane, ja dei var nokre sadistar som røva til seg makta og aldri kjem igjen, vi har jo demokrati i heile Europa. Nei, 90 prosent av høgtstående nazileiarar både i og utanfor Tyskland var velutdanna og veltilpassa kareremenneske, rett nok ofte med bisarre idear, som til dømes vår eigen Quisling, som Hans Fredrik Dahl har uttrykt sympati for. Eit minste felles multiplum for dei alle var nettopp slike ting som hat til sosialistiske idear, hat til likestilling mellom kjønna, mystiske Guds-religions- og nasjonalismeforestellingar, underordning under kvar ein overordna, samt krav om vilkårslaus lydndar nedover, og forvovla raseforestellingar.

Dette er på lang veg med på å forklare korfor jøder og anna utrydding kunne fungere med den maskinmessige effektivitet som tilfellet var innafor «Das dritte Reich». Det overordna målet var at protokollar var rett førte. Rudolf Hess kan tene som eksempel. Han var svært glad i barn, sjølvsagt tyske eller andre «ariske». Russiske, jødiske og polske barn var for han eit spørsmål om å oppfylle kremeringskvotar. Han var også på offisersvis svært glad i hundane sine

og kjælte like mykje, truleg meir, med dei enn med kona, som på nazisvis skulle tene hans ulike behov. Han var glad i stoveplantar, trudde på Gud – med andre ord ein god borgarleg familiefar slik vi kjenner han godt kor som helst i Europa den dag i dag. Sitat Hess: «Når foraren har gitt ein ordre, har ingen rett til å stille spørsmål». Himmler utvikla ein privat filosofi om det heroiske og høvverdige menneskelege i det å ta liv i den gode saks teneste. Velkjende tankar? Dessverre – ja!

Det er jammerleg av historikarane våre at berre ein av dei har gått oppe ut mot den oppblomstrande brune og mørkeblå historieforklaring. Eg tenker på Odd-Bjørn Fure i pamfletten «Kampen mot glemselen». Boka er skriven for historikarar, men ho kan lesast av alle som ikkje har slått seg til ro med at verdas problem, dei blir løyste i «Se og Hør», tabloidoppkastet elles, eller gjennom strikkeoppskrifter.

Den som gjer ytre høgre farleg i Europa i dag, er den openberre apellen dei har til ein apolitisk, utanfråstyrt, medieopen veljar-masse som, plent slik høgresida gav jødane og bolsjevikane skylda for alt gale i mellomkrigstida, i dag gjev innvandraranne skylda for dei kriser kapitalismen med historisk nødvendighet medfører. For å demme opp for Le Pen i Frankrike, blir dei borgarlege partia derfor tvinga til å adoptere meir og meir av hans politikk. Plent slik det skjedde i mellomkrigstida, er det antirasistar og venstreorienterte som får smake politikollene, ikkje berre i Frankrike.

Høgreekstremismen har tre grunnpillars: ein historisk, ein sosiologisk, ein psykologisk. Den historiske er knytt til slikt som arbeidsløysa, økonomiske

tilbakeslag, politikarsvikt med påfølgjande politikkarforakt – noko vi dagleg kan sjå i heile Europa, i mindre grad hos oss så lenge vi flyt i olje, men den tar slutt. Den sosiologiske grunnpillaren kjem til uttrykk ved til dømes redsel for deklassering, identifikasjon med døgnflugeheltar og deira sevliv, i vårt land ved furdging, gardarobettelbeding og dyneløfting av kongehus og pengeadel, statusjag og pengehysteri i vårt kristelige fedreland. Det er ikkje noko klart skilje mellom den sosiologiske og den psykologiske faktoren i ytre høgre sin ideologi. Eit vesentleg moment i tillegg til det eg har nemnt ovanfor, er konformitet og trongen til å gå opp i massen, å søke gruppetilhøyrighet gjennom symbolbruk, etnisk identifikasjon på kostnad av folk med framandt islett – og sist, men ikkje minst, trongen til makt, noko som gjev seg pervers uttrykk i ei samfunnsform der ein-skildindivid stadig blir redusert i sitt herredømme over seg sjølv. Velkjent i nazipsykologien er det som blir kalla «avleidd aggresjon». Kapitalisme og nazisme høyrer saman som hand og hanske. Det er ein illusjon å tru at vi blir kvitt den siste så lenge den første regjerer.

«Ingen er så blind som den som ikkje vil sjå», heiter det. Le Pen har varsla koordinering av europeiske høgreside – den brune delen av ho i første omgang. Historia gjenstar seg aldri som blåkopi, men så lenge dei krefter som skapar historie, gjenstar seg, gjenstar også drag frå tidlegare epokar seg. Derfor – sjå deg rundt i den verda du lever i og skaff deg føresetnader for å forstå ho. Dei føresetnadene finst enno – heldigvis.

*Kjell-Arne Labukt, Nordkjosbotn*

## Kjemisk lobotomert?

8. april 1997 sto fomyet kunninggjøring om generell erstatning til alle lobotomerte, vedtatt av Stortinget juni-96, i alle landets aviser. Selv har jeg i mange år kjempet for at noe slikt måtte skje, og dannet med god hjelp også LOBOS (Lobotomi-Overlevendes Støttegruppe).

I 1957 ble jeg som 19-åring lobotomert på Lier. Jeg fikk prøve hele rekken av psykiatri-metoder: elektroshokk, cardiazolshokk, lobotomi og medikamenter i mengdevis. Livet ble forsøkt tatt i fra meg, men jeg gav aldri opp å kjempe for min og andres rett til en anstendig erstatning for et ødelagt liv.

Kirurgisk lobotomi er forhåpentligvis slutt i Norge, selv om jeg har fått kjennskap til psykiatere som fortsatt irver for metoden, det vil si hvis den fikk et mere «moderne» navn som «stereotaktisk capsulotomi» eller lignende.

Kjemisk lobotomi, derimot, er det ikke slutt på, tvert i mot. Dette foregår med neuroleptika og lignende psykiatristoffer, og virkningene kan ifølge eksperter som Joar Tranøy og den svenske legen Lars Mårtensson sammenlignes med «vanlig» lobotomi: passifisering, blir en «robot», mister seg selv osv.

Jeg skulle også vite det siden jeg har blitt påtvunget nok av dritten selv og sett andre gjort til psykiatristlave for livet av den. Som eksempel fikk jeg en kjenning, som mest lå apatisk på sofaen, til å kaste svineriet. Livet vendte tilbake til henne. Hun begynte å interessere seg for familien sin, oppdaget barnebarne sine og

**YTRING**

tok de og datteren med på ferie til barndomsstrakter. Men så kom abstinensen, og en kort telefon til langeren sin (psykiateren) fikk henne tilbake på sofaen og pillespising.

Psykiaterne kalte selv neuroleptika for kjemisk lobotomi da stoffene kom i bruk på femtitallet, eksempelvis Gaustadlobotomisten Ødegaard; ifølge Joar Tranøy: «... virkningene er de samme...» Men i dag avviser de fleste av stander slike sammenligninger, selv om enhver med øyne i hodet og alminnelig vurderingssevne kan se at «medisinen» tar livet fra de ulykkelige.

Jeg har besluttet meg for å gjøre noe med dette. Kjære dere, som har erfart skadene fra neuroleptika og andre psykiatristoffer (eller kjenner til slike): Kontakt meg, kom med din historie, fortell hva de har gjort med livet og livsgleden din; evnene til å arbeide, lese, skrive, følge med i familieliv, samfunnet osv. Fortell om løgnene fra psykiatrien om «bivirkninger». Jeg vil ha DIN historie, ikke din psykiaters. Jeg vil så la de ansvarlige myndigheter, politikere og media få de. (Hvis du vil være anonym, oppgir jeg selvsagt ikke ditt navn.)

Denne ødeleggelsen av landsmenn må ta slutt, de skadelidte må få slippe pinen og få en anstendig erstatning for sitt ødelagte liv. Jeg gir meg ikke for også de kjemisk lobotomerte får erstatning og oppreisning. Nok er nok!

*Mary Lehme, LOBOS, Oslo*

## Tomas Tranströmer oversatt til norsk

I Dag og Tid (10. april 1997) anmelder forfatteren Helge Torvund Jan Erik Volds oversettelse av Tomas Tranströmers samlede dikt. – Hvorfor oversette svensk lyrikk?

Torvund har sine innvendinger mot ideen, men roser Volds arbeide. – Til det siste har iallfall nabolandenes lyrikk vært vernet mot unødig oversettelse. Denne nye tendensen er et tilbakeskritt! Gjennom grunnskolen og videre er dansk/svensk litteratur lest på originalspråket.

Blir vi mer tungnemme?

Når forlagene satses økonomi og krefter på noen få oversettelser, som blir dyre og tapsbringende, får de nordisk pengestøtte!

**YTRING**

Det er klart i strid med Nordisk Ministerråds handlingsplan for nordisk kulturelt samarbeide (1988).

Her framheves språkforsståelsen som en fundamental forutsetning for det nordiske kultursamarbeide, med vekt på undervisning i de nordiske språk som nabospråk, slik den praktiseres i Danmark, Norge, Sverige, Finland (finlandssvensk).

I «Café Existens» tidskrift for nordisk litteratur» nr. 64 1995, finner vi Jan Erik Volds langdikt «Rekviem i oktober». Det er ikke oversatt til svensk.

*Ruth B. Viggen, Hamar*

## Kaudervelsk frå hovudscena

I Dag og Tid-utgåva 10. april 1997 fortel Jostein Laugaland (Sandnes) ei sørgjeleg saga om eit skriv utferda frå Noregs Mållag og utdelt under årsmøtet i fylkeslaget med overskrift «Framlegg til nytt prinsipp-program vinterseminaret 1997». I artikkelen tek Laugaland for seg nokre utsnitt frå skrivet som avslø-

**YTRING**

rande døme på forvirra tankegang saman med språkføring og ordbruk som ikkje høyrer heime i normalt språk. Skulde ein gjera seg ei mening om dette «andsverket» ut frå dei refererte utsnitt i Laugalands artikkel, vilde

det vera nærliggjande å tru at ein hadde framfor seg ei fingert tekst sett saman av ein bajas for å halda ap med nynorsk målforn.

Det tykkjest mykje merkeleg at styret i fylkeslaget har lagt denne saka fram for årsmøtet utan førehandsvurdering av ordlyden i skrivet. Ikkje mindre grunn til å

undrast er det når eit papir av denne kategori har gloppe ut frå kontoret til Noregs Mållag. Der-som det ligg føre ei «normal» hending framfor opne augo til fast personell, bør hendinga gjeva grunn til åtgjerd. Det står om nasjonen sitt språkelege ervegull.

*Torkell Norheim, Bryne*

113424